



Toppen av julegrana er dessverre daud. Bildet er frå pyntinga laurdag, og vi kan skimta Ståle Eik og Knut Stensletten unnder arbeid i toppen.

Mannskapa som kvart år pyntar den flotte julegrana vår, melder om at det no er svært viktig at det vert fart i planane med å planta ei ny julegran. Grana vi har no er nemleg daud i toppen og det er eit tydeleg

teikn på at det er viktig at ein førebur seg på skifte av julegran.

Det er naturleg at det er Uskedal Utvikling som har ansvar for å finna plass til ny julegran. Deretter bør dei få planta den nye grana. Kanskje går det an å flytta ei fin gran av noko storleik? Vi kjenner til at saka har vore på sakskartet i Uskedal Utvikling tidlegare, og ein bør nok ikkje venta lenge med å blåsa nytt liv i saka.

Thor Inge Døssland.